



Notat

Dato: 16.08.2017
Arkivsak: 2015/11453-91
Saksbehandlar: adelan

Til: Hordaland fagskulestyre

Frå: Fylkesdirektør opplæring

Utkast til rapport - godkjenning av CNC og robotteknologi

Vedlagt følgjer NOKUT sitt utkast til rapport etter søknad om godkjenning av fagskuleutdanninga CNC og robotteknologi. Tilbodet er føreslått ikkje godkjent, men med høve til å rette opp feil og avklare eventuelle mistydingar. Rapporten består av ei administrativ vurdering som tek føre seg grunnleggjande føresetnader for å søkje om godkjenning av ei fagskuleutdanning, og ei fagleg vurdering gjort av sakkunnige som NOKUT har oppnemnt.

Den administrative vurderinga har nokre må-punkt og nokre bør-punkt som må rettast, men desse tilhøva er allereie retta opp og handsama av fagskulestyret 05.05.2017. Tilhøva som måtte rettast opp var knytt til forskrift for Fagskolane i Hordaland og instruks for lokal klagenemnd.

Den faglege vurderinga syner til ei rekke tilhøve ved studieplanen som må endrast, men skulen meiner at dette er mogleg å rette opp i tilsvarsrunden. NOKUT har ikkje rådd skulen til å trekkje søknaden, og det tyder på at skulen vil klare å rette opp dei tilhøva som er skissert av den sakkunnige komitéen innan fristen 19. september 2017.